



## ■ møtereferat – Samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

Ephorte: 2016/3605

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 22.06.2016	Fylkeshuset, møterom 203

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Louise Liaset	X	Folkert Seetzen	
Guro Flem Ulla	X	Marianne S. Rudi	
Laila Aas Dyrøy	X	Grete Gussiås	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Are Kristofer Hjeltnes	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X		

Andre:  
Rådgivar Tove Istad, NAV arbeidslivssenter  
HMS-rådgiver Silvia Stranden, Stamina Helse  
Sarah Anderson, Møreforsking (sak 13/2016)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	25.10.2016

Det var ingen merknader til møteinnkallinga.

### Saksliste

11/2016	<p><b>Orientering - sjukefråversutvikling 1. kvartal 2016</b></p> <p>Morten Larsen orienterte. Trenden med aukande sjukefråver held fram. Det er store regionvise ulikheiter. Medlemmene og repr. frå NAV og BHT diskuterte ulike sider ved førebygging og tilrettelegging. Arbeidsgivar vil komme tilbake til event. ytterlegare tiltak ut over IA-handlingsplanen.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p> <p>SAMU-T tar informasjonen om sjukefråversutviklinga 1. kvartal 2016 til orientering.</p>
12/2016	<p><b>MTM-handlingsplanar på kompetanseregionsnivå for bevarings- og forbetningsområde</b></p> <p>Morten Larsen orienterte. Medarbeidarundersøkinga (MTM) som vart gjennomført hausten 2015, er i all hovudsak positiv for tannhelsetenesta. Med ein svarprosenten på 82% har resultatane legitimitet. MTM-undersøkinga gir kunnskap om faktorene i arbeidet som er viktige for trivsel, helse og yteevne, og kva som bidrar til å utvikle openheit, trygghet, tillit og ansvarligheit på arbeidsplassen. Ikkje minst bidrar undersøkinga til å få kunnskap om forhold ved arbeidsmiljøet som kan gi grunnlag for å iverksette forbetnings- og bevaringstiltak. Alle kompetanseregionane har hatt ein felles tilnærming til oppfølgingsarbeidet, men regionane har komme noko ulikt i oppfølginga av MTM-undersøkinga. Dette heng m.a. saman med sjukemelding på overtannlegenivå i Molde kompetanseregion og at det følgeleg ikkje er avvikla regionmøte så langt i 2016.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b></p>

	SAMU-T tar dei regionvise handlingsplanane for oppfølging av det psykososiale arbeidsmiljøet til orientering.
13/2016	<p><b>Orientering - Omorganisering av den offentlige tannhelsetenesta i Møre og Romsdal - Møreforskning si utgreiing av samfunnsmessige konsekvensar</b></p> <p>Møreforskning er engasjert for å undersøkje samfunnsmessige konsekvensar ved ein omorganisering/strukturendring med færre klinikkar i lys av hovudmåla i regional delplan knytt til kvalitet og pasientsikkerheit, robuste kompetansemiljø, folkehelsearbeid og samhandling med kommunane. Sarah Anderson frå Møreforskning i Volda orienterte om status i arbeidet med rapporten "Alternativ organisering av den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal".</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar statusorienteringa om Møreforskning sitt arbeid med å greie ut samfunnsmessige konsekvensar av alternativ organisering av tannhelsetenesta til orientering.</p>
14/2016	<p><b>Orientering - rekrutteringssituasjonen pr. juni 2016</b></p> <p>Morten Larsen orienterte. Det er relativt god tilsøking på ledige stillingar. Stadig fleire vikariat knytt til foreldrepermisjonar gir ei ekstrautfordring i rekrutteringsarbeidet. I juni vil tilsaman 12 tilsette vere ute i fødselspermisjon. Ein ressurskrevjande situasjon både rekrutteringsmessig og for klinikkane.</p> <p><b>Samrøystes vedtak:</b> SAMU-T tar informasjonen om rekrutteringssituasjonen til orientering.</p>
15/2016	<b>Open post</b>